


Søknad om reguleringsendring


58 RP FvR206, Ekrhovd-Li, Utviding (46,47,48)

Sist oppdatert 29.04.2021



1. Samandrag av endringa

Utsnitt av gjeldande plan:



Endringar i plankartet:



Oppsummering av endringar:

1. Avkøyrsel til 46/2 er regulert inn med frisiktsone og sideareal SVT.
2. Eksisterande fylkesveg med fortau er vist som bygd.
3. Frisikt er vist frå 4 meter utanfor fortau.

2. Nøkkelopplysingar

	Skriv her (kortfatta) ↓
Gnr./bnr. (hovudeigedommen)	46/2
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	58 RP FvR206, Ekerhovd-Li, Utviding (46,47,48)
Forslagstillar	Per Ekerhovd
Grunneigarar (gnr./bnr. på alle eigedommane innanfor planområdet, ev namn på grunneigarar)	46/161 Fylkesvegen 46/2 Forslagsstillar 46/8 Nabo i sør
Plankonsulent	Akons AS
Hovudformål med endringa	Opne for utvida bruk av avkøyrsløse.
Storleik på planområdet i daa	1,8 daa
Tal på nye bustadeiningar i endringa	-
Aktuelle problemstillingar	Vurdert samordning av avkøyrsløse.
Oppstartsmøte for endringa, dato	11.12.2020
Utsendt varsel om reguleringsendring, dato	29.04.2021
Sendt til uttale (offentlege instansar), dato	29.04.2021

3. Intensjonar og mål med endringa

Mål med endringa er å opne for utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for etablering av 3 nye bustadtomter, og mogleg tilknytning for andre eigedomar innanfor ei ÅDT på 50.

3.1 Kvalitetar som endringa bidreg med.

Planen sikrar at etablert avkøyrsløse til gnr. 46, bnr. 2 vert regulert i samsvar med tidlegare godkjenning.

Reguleringsendringa skal sikre ei føreseieleg sakshandsaming og bidra til etablering av nye bustader i samsvar med kommuneplanen.

3.2 Tidlegare vedtak og reguleringsendringar

Eksisterande avkøyrsløse var ferdig bygd i samsvar med godkjenning i 1996, etter at reguleringsplanen for Fylkesvegen var vedteke. Utforming av avkøyrsløse var avklart i samarbeid med Vegkontoret/SVV og Fjell kommune.

4. Planprosessen

4.1 Oppstartsmøte

02.02.2018 var det oppstartsmøte med Fjell kommune som gjaldt frådeling av tomt og oppføring av bustad. Tilbakemeldingar frå kommunen gjaldt mellom anna at ein må søke om utvida bruk av avkøyrsløse.

VLFK har vore kontakta for å avklare deira syn utvida bruk av avkøyrsele. Dei har signalisert ønske om samordning av avkøyrsele med nabo. Ein har søkt å finne gode løysningar for samordning, men det har ikkje lukkast på grunn av bratt terreng og stor høgdeforskjell.

11.12.2020 var det avklaringsmøte med planavdelinga som gjaldt vidare prosess med ei mindre reguleringsendring for å sikre vidare lovleg bruk av avkøyrsele.

4.2 Undervegsmøte

Det har vore dialog med planavdelinga om avgrensing av planområde og vurdering av samordning av avkøyrsele. Planavdeling har og vurdert endringsforslaget før nabovarsling.

5. Gjeldande reguleringsplan



Gjeldande reguleringsplan til venstre, og detalj av planområde til høgre.

Hovudformålet med gjeldande plan var utbetring av fylkesvegen med fortau. Vegen er no opparbeidd, men med mindre avvik mellom plan og bygd situasjon. I plankartet ser ein at den gamle avkøyrsele til 46/2 er vist i vegen sit sideareal, og at tilkomst til fortauet er stipla. Denne avkøyrsele stetta ikkje krav til bruk for lastebil, noko som er naudsynt for uttak av skog på Hovden. 46/2 fekk difor ny avkøyrsele etter at reguleringsplanen var utarbeidd. Det er den etablerte avkøyrsele frå 1996 som no vert regulert inn i planen.

5.1 Tidlegare reguleringsendring

Det har tidlegare ikkje vore gjennomført endringar av planen.

6. Skildring av planområdet

Planområde gjeld bygd avkøyrsløse til 46/2 og del av Ekrhovdvegen, Fylkesveg 5234 vest for Hovden. Arealet er i dag nytta til veg, fortau og anna vegareal. Fylkesvegen er bygd litt aust i høve til eldre reguleringsplan. Ein regulerer no i samsvar med bygd situasjon.



Flyfoto som viser reguleringsendringa.



Avkøyrsløse sett frå nord.



Avkøyrse sett frå sør.



Avkøyrse sett frå nord.




Avkøyrse sett frå aust.

7. Skildring av reguleringsendringa

7.1 Følgjande endringar er innarbeidd i plankartet:

Plankartet har regulert inn veg som bygd, og avkøyrsløse på etablert tilkomst til 46/2. Bakgrunn for endringa er søknad om frådelling av tomter. Reguleringsendringa skal sikre utvida bruk av avkøyrsløse, ei føreseieleg sakshandsaming og bidra til etablering av nye bustader i samsvar med kommuneplanen. Ein planlegg ikkje for kryss, noko som sikrar at ein ikkje kan ha meir trafikk enn ÅDT 50 utan at det vert gjort ei ny vurdering av trafikksituasjonen.

1. Planavgrensing mot aust og vest er i samsvar med eldre plan.
2. Frisikt er vist frå 4 meter innanfor fortau, og med 54 meter lengde.
3. Det er vist omsynssone H140 på frisiktsone.
4. Avkøyrsløse er tilpassa krav i handbok N100 som gjeld for inntil ÅDT 50.
5. Radius er set til R4, og lagt til frå der fortauet er nedsenka. Vegbreidde startar på 6 meter + skulder som er vist tilpassa opparbeidd veg.



Illustrasjon synar sporingskurve for lastebil med køyremåte C.


Arealformål	Areal (m ²)
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
2011 - Køyreveg (2)	722,3
2012 - Fortau	293
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (5)	602,9
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (3)	248,7
Totalt alle kategorier:	1866,9

Eigarforhold

Endringa gjeld 3 eigedomar. Det er 46/2 som tilhøyrar forslagsstillar, 46/161 som er fylkesvegen og 46/8 som er nabo i sør.

Anna vegareal frå eldre plan som ligg innanfor eigedomsgrense til fylkesvegen er regulert som *Annan veggrunn tekniske anlegg*. Areal som ligg utanfor er regulert som *Annan veggrunn grøntareal*.

Del av 46/8 som inngår i planendringa er same del som allereie er regulert til anna vegformål. Endringa får ikkje praktiske konsekvensar for denne eigedomen.



Illustrasjon detalj av avkøyrse som syner korleis krav til svingradius R4 passer med planen. Frisiktsone tek utgangspunkt i fortauskant. For å sikre tilkomst for lastebi er vegbreidde set til 6 meter. Det er illustrert sporingskurve for lastebil på 12 meter som køyrer ut mot nord, køyremåte C.



Avkøyrse er lagt over fortau/ gang- og sykkelveg som har nedsenka kantstein mot veg. Illustrasjon syner fall på veg i dagens situasjon. Overvann går til veggrøft, ogg ikkje ut i fylkesvegen.

Alternativ

Ved start av planarbeidet har det vore ei dialog med SVV/ VLFK om utvida bruk av avkøyrselen. På bakgrunn av dette har ein søkt å finne løysningar for samordning av avkøyrsel med naboar. Dette har ikkje vore mogleg å få til.

Status avkjørsler

Avkjørsel til 46/2 ligg på ei vegstrekning av FV 5234 på ca. 160 meter med 3 godkjente avkjørsler. Avstand mellom avkjørslane er:

Nord- Hovden 87 meter.

Sør- Hovden 72,5 meter.

Avkjørsel til Hovden (46/2) er den beste av de 3 avkjørslene, og tilfredsstillar krav til utforming og sikt for ÅDT50.

Avkjørsel til Hovden og 46/2 er i dag godkjent for bruk av 46/2 og andre grunneigarar på Hovden.


Avkjørsel i nord ligg ved busstopp, men gjelder berre eit hus. Avkjørsel i sør gjelder 4 hus.

Samordne avkjørsler


Vi har sett på moglegheit for å samordne avkjørsler, og utarbeidet enkle lengde profiler for å sjå kva som er mogleg. For nabo i sør er det ikkje mogleg å få til tilkomst med tilfredsstillande stigningsforhold. Alternativet er da at de kan køyre over fortau, men det blir en dårlegare situasjon enn dagens løysning.

For nabo i nord må det opparbeidast 75 meter veg for å kople denne til avkjørselen til Hovden.

Høgdeforskjellen inneberer at den får bratt stigning, eller det blir eit tungt terrenginngrep. 46/2 avstår gjerne grunn til ny veg for nabo i nord, men kan ikkje koste denne.



Moglegheitsstudie på kopling av avkjørsle nord.



Moglegheitsstudie på kopling av avkjørsle sør.

For begge alternativ ville på kopling til avkjørsel på 46/2 innebera stigning på 1:6 eller brattare, eller store terrenginngrep.

Haldningsklasse

Fylkesvegen har haldningsklasse «lite streng». Avkjørsel er lovleg etablert i følgje handbok R701 Retningslinjer for behandling av avkjørselssakar. Her er større avstand enn minstekravet på 40 meter til nærmaste avkjørsel. Vegmyndigheitene har dermed moglegheit til å opna for økt bruk på inntil ÅDT 50 eller 10 hus slik denne er bygd.

7.2 Følgjande endringar er innarbeidd i føresegnene:

Det er utarbeidd føresegn på ny mal. Område er utbygd. Føresegn har med intensjon om maksimal trafikk på ÅDT 50.

7.3 Vurdering av endringa

Eldre plan regulerer utbetring av Fylkesvegen langs 46/2. 46/2 har hatt tilkomst til fylkesvegen på eldre veg sidan 1901, noko som er vist gjennom anna vegareal i reguleringsplanen. Denne avkjørselen kan sjåast på flyfoto av område frå 1962. Ny avkjørsle er seinare bygd med avvik frå plan som gjeld ei forskyving mot sør. Dagens avkjørsle til Hovden over 46/2 ble etablert etter at reguleringsplanen for fylkesvegen var godkjent.

Før opparbeiding av dagens avkjørsel har det vert en omfattande prosess med aktuelle grunneigarar, Fjell kommune, Statens Vegvesen/ vegkontoret m. fl. Det har vært vurdert ulike alternativ for veg. Vegspørsmålet var endeleg stadfesta i sak i Nord- og Midhordland jordskifterett i Fjell Rådhus som var avslutta 22 november 1996.

Av rettspapira går det fram at veg til Hovden er opparbeid som skogsvei kl. 6 med 3,5 meter køyrebane. Frå offentlig veg og fram til velteplass for tømmer er vegen bygd som bilveg. Vegen erstattar tidlegare avkøyrse for gnr. 46 bnr. 2, og denne eigedommen har rett til å bruke velteplass til parkering når denne ikkje er i bruk til omlasting av tømmer. Andre eigarar på Hovden kan og parkere her i forbindelse med arbeid på Hovden. Det er ikkje satt andre avgrensingar på bruken av skogsveien enn at gnr. 46 bnr. 2 kan reservere seg mot at andre grunneigarar kan bruke skogsvegen som bilveg. I møte med Jordskifteretten 22 oktober 1996 bekreftar skogsmeister Erik Schult at vegen er ferdig bygd og godkjent.

I forbindelse med regulering av FV og opparbeiding av avkøyrse til Hovden har gnr. 46 bnr. 2 gitt grunn til FV som del av en totalløysning for veg og avkøyrse.

Vurdering av kriteria etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd

Forenkla planprosess

Plan- og bygningslova opnar for reguleringsendring etter forenkla planprosess «når endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudramane i planen, og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområde.» Nedanfor er det gjort ein vurdering i høve til desse krava etter rundskriv H-6/17:

Gjennomføring av planen for øvrig

Kva som ligg i at endringane "ikkje går utover hovudramane i planen" må vurderast konkret av kommunen i det enkelte tilfelle. Justering av grenser og arealformål vil kunne være aktuelt. Det kan også være mogleg å gjere endringar i arealformål. Det må i vurderinga tas omsyn til kva slags tiltak det gjelder og kva slags interesser som blir berørt. Dersom det gjelder tiltak i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser som gir grunnlag for motsegn, vil det ikkje være aktuelt å gjennomføre endringa etter den enklare prosessen. Dersom endringa får konsekvensar av vesentleg betydning for andre saker som gjer at det er nødvendig å sjå endringane i en større samanheng, vil det heller ikkje være aktuelt å behandle den utan ordinær prosess.

Vurdering

Reguleringsendring er tilpassa bygd situasjon. Avkøyrse til 46/2 er lovleg bygd. Endring gjeld berre utvida bruk. Andre eigedomar vert ikkje påverka. Det er difor ikkje konflikt i høve til gjennomføring av planen for øvrig. Endringane opnar for nye bustader i samsvar med kommuneplanen. Her er ikkje konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser.

Hovudramane i planen

Hovudramane i eldre plan er veg utan avkøyrse, men med vist tilkomst til 46/2 ved at eldre veg har fått stipla overgang til fortau. Etter at eldre reguleringsplan var vedteke er det etablert tilkomst til 46/2 til bruk for denne eigedomen, og for tømmertransport frå Hovden. Dette er gjort i samarbeide med kommunen og vegkontoret/SVV. Hovudramane i planen er fylkesveg med fortau som skal vere for trafikk til eigedomane langs vegen.

Vurdering

Hovudramane i planen vert ikkje endra.

Natur og friluftsområde

Hovden er registrert som nærturterreng med verdi «Registrert friluftslivsområde». Beste tilkomst til Hovden er over skogsvegen. Tilkomst vert betre når ein legg til rette for bustader.

Vurdering

Her er ikkje viktige natur- og friluftsområde i planen. Tilkomst til Hovden vert ikkje hindra.

Vi meiner difor at desse endringane i planen kjem innanfor krava til kva som kan gjennomførast som ei mindre endring.

8. Konsekvensar av reguleringsendringa

8.1 Barn og unges interesser

Ein kjenner ikkje til at endringa vert i konflikt med born og unge sine interesser.

8.2 Terreng og landskap

Avkøyrsele er etablert. Reguleringsendringa får ingen direkte verknader for terreng og landskap.

8.3 Folkehelse og friluftsliv

Hovden er registrert som nærturområde med mogleg tilkomst frå avkøyrsele til 46/2. Ein kjenner ikkje til at endringa har konsekvensar for folkehelse eller friluftsliv.


8.4 Kulturminne

Endringa er ikkje i konflikt med kulturminne.

8.5 Naturressursar og naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova §8 setter krav om at offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypars utstrekning og økologiske tilstand, samt effekten av påverkingar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

I Øygarden kommune er naturverdiar godt kartlagt. Her er registrert Ask langs traktorvegen på 46/2. Ask er trua som følge av asiatiske sopp som påverkar bestanden. Her er og gjort registrering av ærfugl (2020) og dvergdykkar (2018). Ærfugl er nær trua, mens dvergdykkar er sårbar. Observasjon av fugl er gjort nær bustad ca. 150m nordaust for avkøyrsele. Kilde: Miljøstatus.no
Reguleringsendring fører ikkje til direkte endringar av etablert situasjon. Konsekvensar for naturverdiar er vurdert som ubetydeleg.



Miljøstatus.no

8.6 Trafikktryggleik

Her er fortau langs fylkesvegen, og forbi avkøyrslø er det to køyrefelt. Her er ingen registrerte trafikkulykker i nærleiken av planområdet sidan 1993. Da var det møteulykke med bil, og i 1990 var det ei motorsykkel som køyrde utfor på høyre side i venstrekurve. Desse ulykkene var ca. 70 meter sør for avkøyrslø til Hovden. Vegen er sidan utbetra. Endring av dagens situasjon vert meir trafikk på etablert avkøyrslø. Vi har difor vurdert at dette ikkje utgjer ei endring som påverkar trafikktryggleiken i særleg grad.

I samband med regulering av andre delar av fylkesvegen er det gjort ein kartlegging av ulykkesfrekvens for vegen:

I Nasjonal Vegdatabank (NVDB) ligg det informasjon om alle vegar i Noreg, deriblant informasjon om ulykker. I løpet av dei siste 8 åra (2000- 2007) er det registrert seks ulykker med personskaade på strekninga Døsjø- Liaskjeret. Av dei seks ulykkene var fire med lettare skadde, og to med alvorleg skadde. Seks Ulykker i en åtteårsperiode på en ca 5,5 km lang veg med ÅDT 1100 kjt/døger gir ein ulukkesfrekvens på 0,34 ulykker pr. mill køyretøy km. Normalrisiko for fylkesveg med fartsgrense 50 km/t i middels tett Busetnad er 0,45 ulykker pr. mill køyretøy km. Strekinga er med det ikkje spesielt ulukkesbelasta.

Planrapport for: 296 RP Fv 206 Døsjø - Liaskjeret, Utviding (34,46,47,48)

9. Varsel om oppstart og merknader til endringa

Kapittel 9 vert oppdatert etter varsling.

Varsel om reguleringsendring vart sendt til naboar den xx.xx.xxxx. Det kom inn x merknader/uttaler til varselet:

Følgjande vart varsla i brev:

Eigedom gnr. /bnr.	Namn	Adresse

9.1 Merknader frå naboar

1. Merknad frå xx, eigarar av gnr./bnr. x/x, datert xx.xx.xxxx

Skriv ei kort oppsummering av merknaden

Forslagstillar si vurdering av merknaden: Vert merknaden innarbeidd i reguleringsendringa?

Kvifor/kvifor ikkje?

Vedlegg: Føresegn frå eldre plan.

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR UTBETRING AV FV.
206 VED EKERHOVD I FJELL KOMMUNE

Dato for siste revisjon av planen: 09.11.94

Dato for kommunestyret sitt vedtak: 08.12.94

§ 1.

Det regulerte området, som er synt på planen med grenseline, er nytta til:

Trafikkområde

- Kjøreveg
- Gang- og sykkelveg/fortau
- Anna trafikkareal

Fellesområde

- Felles avkjøring

TRAFIKKOMRÅDER

§ 2 .

- 2.1 Områda skal nyttast i samsvar med planen
- 2.2 Terrengingrep i samband med veganlegg skal skje mest mogleg skånsamt. Vegskjæringar og -fyllingar skal om mogleg plantast til eller handsamast på annan tiltalende måte.
- 2.3 Innanfor dei regulerte frisisiktsoneane kan dettr ikkje førast opp sikthindringar/planting etc. høgare en 0,5 m over vegbana.

ANDRE FØRESEGNER

§ 3.

- 3.1 Farlege skrentar skal sikrast med gjerde eller på annan tilfredsstillande måte.
- 3.2 Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld Plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggeføresegner.

Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til ved privat servitutt å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene.

Innanfor ramma av Plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne, og departementet sine føresegner, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnene der særlege grunnar talar for det.

Vedteken av Fjell kommunestyre, 08.12.94, sak K.87/94.

Vidar Westrheim
teknisk sjef